

Protokoll styremøte

Møte:	Styremøte sameiet Oppheim resort
Møtetid:	Måndag 13.05.2019 kl.17:00 -19:30
Møtestad:	Terminus hotell
Til:	Roald Solbakken, Albert Vedeler, Karianne Lunde, Frode Solemdal, Frode Andersen (vara), Jan Geir Jensen (forr.førar)
Forfall:	Maria Smith
Referent:	Jan Geir Jensen

	Sak
1	Godkjenning av innkalling og saksliste Gjennomgang av referat
2	Økonomi Reknskap pr. 4 mnd. - 2/3 av vedlikehaldsbudsjett er brukt opp - ca 75.000,- meirforbruk straum Ny straumleverandør - Det er inngått ny avtale med Eidsiva energi Utvida kreditt - Det er innvilga midlertidig kreditt på kr 1.000.000,- til 1.okt. 2019. Frå 1. oktober skal den reduseres til kr 500.000,- Oversikt utestående fellesutgifter vart lagt fram for styret. Blir fulgt opp av forretningsførar. <u>Vedtak:</u> Styret tek reknskap til orientering Sameiget gjer avtale om ny midlertidig kreditt på kr 1.000.000,-
3	Oppfølging vedlikehaldsplan Styret har arbeidd vidare med oppfølging av prioritert vedlikehaldsplan vedteke av sameigemøte. Det er nødvendig å gjere fleire tiltak for på sikt å redusere energikostnadene. Styret vurderer at tiltaka er lønsomme. Selskapet Tecno AS har lagt fram kostnadsoverslag for prioriterte tiltak med ei totalramme på 280 000 +mva. Styret vil innhente bindande tilbod på arbeidet. Bassenget er stengt etter påske for vedlikehald. Silikonfuge skal byttast for å hindre avdekka lekkasje. Arbeid knytt til energiøkonomisering skal også gjerast medan

	bassenget er tomt. Det er lite truleg at bassenget blir ferdig til pinse. Styret vil halde sameiget orientert. Styret har dialog med Voss energi ang pålegg om å installere straummålarar i alle seksjonar noko som vil medføre meirkostnader. Alle sameiger er pålagt dette tiltaket, men styret argumenterer at dette er lite hensiktsmessig for vårt sameige. <u>Vedtak:</u> 1. Styret innhentar tilbud på vedlikehaldstiltak i samsvar med prioritert oversikt. Tiltaka har ei budsjettramme på 280 000 + mva. 2. Bassenget er etter påske tømt for å bytte ut ut silikonfuger der det er avdekka lekkasje. 3. Etter sommaren vil styret vurdere om det er behov for å kalle inn til ekstra sameigemøte i høve økonomiske disposisjonar utover budsjett. 4. Styret arbeider vidare for å hindre pålegg om å installere energimålarar i kvar seksjon.
4	Branntilsyn Gjennomgang av tilsynsrapport og kommunikasjon med brannvesen. Styret har ikkje fått tilbakemelding frå Voss brannvern. Det mangler handlingsplan. Styret arbeider vidare med denne. Det er bestilt branninstruks (plakat) til alle seksjonane.
5	Reinhald Styret har laga rutiner for reinhald. Det er innhenta tilbod frå 4 leverandørar. - Tilbudsinnhenting <u>Vedtak:</u> Ut frå ei samla vurdering gjer sameiget avtale med RSV gruppen om reinhald av fellesareal. Det skal reingjerast 1 gong pr veke i basis, og ekstra i fellesferie, påske, vinter og juleferie. Sameiget bør i tillegg inngå avtale om mattevask ved inngangsdører.
6	Dugnad Styret organiserer dugnad i pinsa (8.-11.juni) Oppgåver: Flytebrygger, plass for sykklar, Skifte til LED pærer, tilrettelegge leikeplass, reoperasjon av fliser, rydding og kosting utvendig, støtter i basseng. Organisering: Albert organiserer. Jan Geir bestiller container. Container leveres 6.juni til 13. juni (1 uke) På parkeringsplass bak kjøkken.
7	Omregulering næringsseksjon

	Søknad om omregulering skulle vore behandla av formannskap i juni, men blir truleg august pga stor saksmengd. Planen er justert noko med leikeplass bak hotellet. Styret for Oppheim hotell AS (næringsseksjonen) har starta sondering av evt. kjøparar. Det er behov for sameigemøte for å vedta ny reseksjonering. Styret vurderer at dette kan gjerast pr. e-post.
8	Lading for e-bil Styret vurderer at dette spørsmålet ikkje kan prioriterast no. Nye ordensreglar må innehalde forbod mot lading frå vanleg stikkontakt.
9	Ordensreglar som sameiget Styret gjekk gjennom ulike punkt som bør vere med i ordensreglementet. Styret vil legge fram forslag til ordensreglar på sameigemøte. Aktuelle punkt: Bassengreglar, grill, røyking på fellesområde, ro tidspunkt, felles ansvar for rydding/orden fellesareal, handtering av avfall, utleige, oppbevaring av ski/syklar, bruk av terrassar, lading elbil